

Wergelandsjubileet 2008



17. juni kl. 16:00
feirar vi at det er
200 år sidan
Henrik Wergeland vart
fødd.
Stad: Verkland

Program:

Ordføraren legg ned krans

Skulemusikken spelar

Barnehagane og 1.-7. kl. –

Henrik Wergeland i ord og tonar

Mannskoret syng

Haldis Brekke fortel historia om bautaen

Frå bautaen vil vi gå i tog til skulehuset på
Verkland - skulemusikken spelar.

Her vil 8. -10.klasse syne ein digital presentasjon
om Henrik Wergeland sitt liv og diktning.

Det vert høve til å kjøpe grillmat og
tradisjonsmat. Alle born vil få gratis
fødselsdagskake.

Då det er begrensa parkeringsplassar, må vi be
om at alle fyller opp bilane og er ute i god tid.
Det vert parkering på " Høgda" og bussar vil gå
ned til Verkland.

Dersom de har spørsmål, kan de kontakte:

Leif Brekken tlf: 91798302

Brita Haugland tlf: 97642337

Skulen tlf: 57785443

Den offisielle internettsida til Wergelandsjubileet er:
<http://www.wergeland2008.no/>

Vil elles minne alle om å lese Bergens Tidende
14. juni. Då kjem det 8 sider i Magasinet om
Wergeland og Gulen!



Foto: Arve Wergeland

17. mai 2008 på Verkland.

12. juli 1975 blei det avduka ein bauta på
Verkland med innskrifta:

- Henrik Wergeland – Ættegard -

17. mai 2008 var meir enn 30 framfmøtte for å
legge krans ved bautaen. Kirsti Hjellum la ned
kransen og minte om kor stort og viktig det er at
frå Verkland, ei lita fjellgrend, har det vakse
fram ei stor og kjend slekt: Wergelandslekta.
Dei hadde/ har to viktige eigenskapar som ein
også finn i namna: Arbeidsevne og kreativitet.

Verkland skal bety land det har vore lagt ned
mykje arbeid på. Wergeland er kanskje eit
fantasinamn laga av ein med fantasi som vaks
opp på Verkland.

Vi som bur i utkantane kan føle oss små
samanlikna med dei som bur i byar eller
tettstader. Då er Wergelandslekta godt å bli mint
om. Vi er ein viktig del av landet vårt. 'Vi ere en
nasjon vi med vi små---'

Møte i Gulen kommunestyre
Ledige Stillingar
Side 3

Årsmelding 2007
Side 9 - 24

Talen til Trude Brosvik

som vart opplest i heile

Gulen kommune 17. mai 2008.

Henrik Wergeland

Nasjonal

Henrik Wergeland fekk tilnamnet 17.mai-kongen. Han var levande oppteken av folkestyre og Grunnlova. Han kalla seg sjølv "Grunnlova sin 6 år eldre bror". Det vert fortald at han og søstra Camilla laga til det første barnetoget i Noreg, på Eidvoll kring 1820. Det er noko uvisst. Andre gjev Bjørnstjerne Bjørnson æra for 17.mai toget. Men det er i alle fall sikkert at Wergeland heldt den første offentlege 17.mai-talen i Kristiania i 1833 då avdukinga av Kroghstøtta, vårt første nasjonalmonument, fann stad. Det var også han som skreiv den første nasjonalsongen for born: "Vi ere en nasjon vi med, vi små en alen lange".

Norsk

Wergeland var svært oppteken av språket, og han arbeidde for at språket skulle verte meir norsk, og oppmuntra andre diktarar til å bruke det språket dei hadde teke i arv frå forfedrane. Her låg nok store deler av grunnen til striden mellom Wergeland og Welhaven. Dei var frontfigurar for kvar si gruppering innan kultur og politikk. Wergeland ønskte at Norge skulle bygge opp ein sjølvstendig norsk kultur og utvikle eit eige skriftspråk, medan Welhaven var konservativ og heldt på kultursambandet med Danmark.

Demokrati

Ein skal heller ikkje sjå bort frå at Wergeland sin gode vilje overfor småkårsfolk, viljen til folkeopplysning og at han aktivt dreiv opposisjonspolitikk, erta opp dei meir konservative kreftene i samfunnet. Kanskje var det endå til medverkande til at han aldri fekk seg eit prestekall, sjølv om han var utdanna teolog, og søkte arbeid fleire stader som prest. Han underviste bondegutar slik at dei skulle bli betre skikka til å ta del i det politiske livet og fekk i stand folkeboksamlingar. Han arbeidde for kommunalt sjølvstyre, for å få oppretta dagheimar der borna var trygge medan foreldra var på arbeid og han ønskte meir humane straffeinstitusjonar.

Jødane

Wergeland elska grunnlova, men såg også at ho på enkelte punkt tok feil. Han arbeidde for religiøs toleranse, og laga difor eit godt grunnleggje framlegg til grunnlova sin §2 for å ta vekk den delen som stengde truande jødar ute frå landet. Som de veit er det også i våre dagar diskusjon kring grunnlova sin § 2. No går det på om staten skal bygge på kristne og humane verdiar, eller berre på allmenngyldige verdiar.

Slektskapen

Farsslekta til Wergeland kom frå Verkland. Oldefaren Lasse Olsen, var fødd på Verkland, men flytta til Lindås for å drive gard der. Farfaren, Halvor Lasseson, var fødd på Lindås, og arbeidde ei tid som lærar og klokkar i Hosanger. Han kom vekk på sjøen på ei reise til Portugal i 1785. Det vart difor onkelen til faren til Nicolai (som er far til Henrik), Niels, som tok seg av og kosta på Nicolai utdanning. Motkravet var at han skulle ta etternamnet Wergeland. Niels Wergeland var kaptein i militæret og den første som brukte namnet Wergeland, visstnok fordi dei danske offiserane ikkje kunne uttale Wirchland. Niels Wergeland busette seg på Brekke og budde der dei siste 20 åra, til 1792. Nicolai vart som kjent sokneprest på Eidsvoll. Henrik sjølv vart fødd i Kristiansand, men familien flytta til Eidsvoll då han var 9 år. Svært mange i Gulen kan finne slektsband med Henrik Wergeland via slekta på Verkland.

Gulen – Eidsvoll

Det er også eit anna slektskap mellom Wergeland og Gulen, og mellom Gulen og Eidsvoll. Det er slektskapen mellom Gulatingslova som danna grunnlaget for eit styringssystem med stor grad av sjølvstyre og medverknad og grunnlova som vart laga på Eidsvoll. Vi finn att prinsipp frå Gulatingslova i Grunnlova frå 1814. Med Grunnlova vaks det fram ein moderne rettsstat og eit moderne demokrati. Men røtene til styresettet vi har i dag går 1200 år attende i historia.

Sognereisa

I juni 1932 la Henrik Wergeland ut på ei reise til Vestlandet. Han for opp Gudbrandsdalen, over Sognefjellet og ut Sognefjorden til Bergen. I Sogn stogga han m.a. på Leikanger, i Balestrand, Brekke og Eivindvik. I Brekke møtte han skyldfolk, men ingen ting tyder på at han tok turen opp til Verkland. Frå Brekke gjekk ferda vidare på jekta til slektingen Hans Ivarson Instefjord. I Eivindvik var han gjest hos presten Niels Griis Alstrup Dahl nokre dagar. Det var etter denne turen at Wergeland skreiv diktet "Eivindvig", som eit heiderskvad til Dahl. Mindre kjent er det at Dahl skreiv attende eit dikt til Wergeland, som heitte "Til Henrik Wergeland på sykeleiet". Så det vart nok eit nært vennskap mellom presten og den mykje yngre diktaren.

17.juni på Verkland

I Gulen er vi stolte av at Henrik Wergeland har røtene sine frå Verkland. Dette vil vi markere på 200-års dagen hans, 17. juni. Brekke Bygdekvinnelag har teke ansvaret for ei flott feiring først ved støtta Brekke Ungdomslag fekk sett opp i 1975 på Verkland, og deretter i grendahuset på Ynnesdal. Vi håpar at mange kan kome å vere med på markeringa av diktaren, demokraten, "17-mai kongen" og samfunnsbyggaren; Wergeland, der om ein månad!

Møte i Gulen kommunestyre

Møte i Gulasalen på kommunehuset
torsdag 19.06.2008 kl. 13.00

SAKER:

- 31/08 SKRIV OG MELDINGAR
- 32/08 GODKJENNING AV REKNESKAPEN 2007 FOR GULEN KOMMUNE
- 33/08 GODKJENNING AV REKNESKAPEN 2007 FOR KRAFTFONDET
- 34/08 GODKJENNING AV REKNESKAPEN 2007 FOR NÆRINGSFONDET
- 35/08 GODKJENNING AV ÅRSMELDING 2007 FOR GULEN KOMMUNE
- 36/08 REVIDERT BUDSJETT 2008/ØKONOMIPLAN 2008-2011
- 37/08 FØRINGAR FOR ARBEIDET MED BUDSJETT 2009/ØKONOMIPLAN 2009-2012
- 38/08 REGULERING AV DRIFTSBUDSJETTET NR 1/08 – YMSE TENESTE
- 39/08 REGULERING AV
INVESTERINGSBUDSJETTET NR 2/08
- 40/08 NY LEIGEAVTALE FOR SKATT VEST I KOMMUNEHUSET
- 41/08 BUSTADAR FOR BRUKARAR MED SÆRLEGE BEHOV
- 42/08 RULLERING AV PSYKIATRIPLAN 2008

Saklista kan verte endra, og nye saker kan kome til. Endeleg sakliste og sakstilfang ligg til gjennomsyn hjå ekspedisjonsavdelinga på kommunehuset og på internett: www.gulen.kommune.no om lag ei veke før møtet. Møte er ope for publikum. Alle er velkomne.

Eivindvik 28.05.08
Trude Brosvik

Gladmelding!

Tildeling av spelemidlar 2008

Gulen kommune har fått tildelt kr. 450 000,- .

Dette er fordelt slik:

Ytre Gulen Idrettslag på Byrknes får kr. 200 000,- til ballbinge!

Tusenårsstaden Gulatinget får kr. 151 000,- til Sandvolleyballbane og kr. 100 000,- til Turstinett.

Spelemidlar – elektronisk søknadsskjema frå hausten 2008

Frå og med 2008 må ALLE søknader om spelemidlar leverast elektronisk via nettsida

www.idrettsanlegg.no

Alt underlag til søknaden må også overførast til elektronisk form.

Lag og organisasjonar som vil søke om spelemidlar må sette seg inn i den nye ordninga og legge inn sine søknader elektronisk f.o.m. hausten 2008.

Dette gjeld alle - også dei som tidlegare har sendt inn søknader i papirformat.



Ledige stillingar i Gulen kommune

Gulen sjukeheim.

- 100% vikariat for avd. sjukepleiar på langtidsavd. frå snarast til 01.08.09.
- 100% fast stilling for sjukepleier frå snarast. Arbeid 3. kvar helg. Om ynskjeleg kan stillinga delast. Fleksibel arbeidstidsordning. Løn etter avtale.
- 2 stk 100% faste sjukevikarstillingar for sjukepleier/hjelpepleier/omsorgsarbeidar frå snarast. Arbeid 3. kvar helg. Om ynskjeleg kan stillingane delast. Fleksibel arbeidstidsordning. Løn etter avtale.
- 13% og 19% faste helgestillingar ledig frå snarast for sjukepleiar/ hjelpepleiar/ omsorgsarbeidar. Andre kan og søke. Arbeid 2. eller 3. kvar helg. Løn etter avtale.
- Tilkallingsvikarar frå snarast. Løn etter avtale. Nærare opplysningar ved leiar K. Vigdal, tlf 57 78 16 01.

Ferievikarar sommaren 2008.

Vi treng ferievikarar sommaren 2008 på

- Gulen sjukeheim, kontaktperson tlf. 57 78 16 01
- Byrknes Bu- og omsorgssenter, kontaktperson tlf. 57 78 21 01

Vi treng:

- sjukepleiarar/-studentar
- hjelpepleiarar/-studentar
- omsorgsarbeidarar
- assistentar.

Du er velkommen som sommarvikar i Gulen kommune!

Tilsetjing etter gjeldande lover, føresegner og avtalar. Søknad med CV vert å sende til Gulen kommune, 5966 Eivindvik innan 20.06.08.

Kulturbudsjettet – pengar igjen!

Kulturkonsulenten etterlyser søknader om midlar til Ålmenne kulturtiltak. Desse bør vere knytt til kultur/fritidsaktivitetar og arrangement i regi av lag/org. Søknadsskjema på www.gulen.kommune.no

Mange søker midlar til utbetring/ombygging av kulturbygg. Dette krev ofte større tilskot enn det ein rår over på det kommunale kulturbudsjettet. Kulturkonsulenten gjer merksam på at det er mogeleg å søke spelemidlar til utbetring/ombygging av lokale kulturhus: Gå inn på www.sfj.no og finn Kultur, Tilskotsordningar frå Kulturavdelinga, Tilskotsordningar 2008, Tilskot til lokale kulturbygg 2008.

Søker besøksfamilie!!

Gulen kommune ønsker kontakt med familie, som kunne tenkje seg å vere besøksfamilie for ein gut på 12 år.


Guten er funksjonshemma.
Han manglar verbalt språk,
og brukar teikn til tale.

Han er ein tillitsfull og kontaktsøkjande gut,
har mykje godt humør, og kan vere lett å lede.
Han er glad i musikk, og likar godt å køyre.

Me søker besøksfamilie for ei helg i månaden,
gjerne med born på same alder eller eldre.

Det er flott viss du/de kan teikn til tale,
men det er ikkje eit krav.
Opplæring vil bli gjeve.

Verkar det interessant, eller har du/de spørsmål,
ta kontakt på tlf: 57782061.



Info frå Sosial- og barnevernstenesta:

På grunn av ferieavvikling, kan det vere enkeltdagar, kontoret er ubemannet.

Så treng du/de å prate med oss, er det lurt å ringe på førehand og avtale tid.

God sumar ☺

Jane, Aashild, Silje og Siv.

Årets sjukepleiar!

Norsk sykepleierforbund Sogn og Fjordane delte 14. mai ut Sjukepleiarprisen 2008.

Prisen gjekk til Linda Hantveit og Nina Haveland Sleire for deira arbeid overfor pasientar som treng lindrande behandling ved livets slutt.



Billettekst: f.v. Linda Hantveit, fylkesleiar Oddgeir Lunde og Nina Haveland Sleire

Les meir på: <http://sykepleierforbundet.no/>

Gulen Kommune gratulerer, takkar for innsatsen og håpar at de fortset denne gode jobben i mange år!!

Til foreldre og omsorgspersonar i Gulen

YNSKJER DU Å FÅ EIT ENDÅ BETRE FORHOLD TIL BARNET DITT?

- Nysgjerrig på korleis du kan få eit endå betre samspel med barnet ditt?
- Interessert i korleis du kan støtte og hjelpe barnet ditt til ei best mogleg utvikling?
- Vil du vite korleis andre foreldre løyser vanlege utfordringar?

Bli med i gruppe for foreldre / omsorgspersonar!

I løpet av 2008, vil ei førebyggjande gruppe i Gulen kommune tilby rettleiing for omsorgspersonar med barn i alderen 0-18 år.

- Interessert?
- Ta kontakt med Gulen helsestasjon tlf. 57783808/57783830

Vil du vite meir? Sjå

www.bufetat.no/foreldreveiledning

Diakonen i Gulen -

Eg heiter Tore Brudvik, og er diakon bl.a. i Gulen. Kvar månad er eg i Gulen i 3-4 dagar og arbeider saman med Gulen diakoniutval, leiar Gorm Evensen. Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste.

Nokre kjerneområde er viktige i diakonalt arbeid: **”Nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd.”**

Saman med andre lag og organisasjonar prøver vi å samarbeide om gode tiltak for folk i Gulen, både heimebuande og dei som bur på institusjon.

I desse dagar planlegg vi trivselstiltak på sjukeheimen i Eivindvik saman med bl.a. Saniteten og Røde Kors besøksteneste.

Diakoniutvalet skal finne fram til og prioritere dei viktigaste områda innan det diakonale arbeidet. Diakonen er også tilgjengeleg for folk som opplever sorg og krise.

Då er eg å treffe på tlf 93 08 29 48.

Helsing Tore diakon



Riktig god sommar til alle!



Resultatet frå Vårteljinga av hjort 2008

Resultata frå vårteljinga av hjort synar at 9 av 11 teljeruter har talt fleire hjortar i år enn siste åra. I Indre Gulen har det vore ei eksplosiv auke i bestanden. Desse registreringane må saman med Sett Hjort registreringane og fellingstala leggest til grunn ved tildeling av fellingsløyva til hausten.



Vårteljing Hjort	År 2000	År 2001	År 2002	År 2003	År 2004	År 2005	År 2006	År 2007	År 2008
	8,14, 29, april	20, 27, 4 mai	7, 21, 28 april	6, 13, 27 april	2, 16, 30 april	1, 15, 29 april	31,12,28 april	30,13,27 april	4, 18, 2 mai
1 Indre Oppedal Kringla	268	249	225	244	284	325	222	300	431
2 Takle Brekke Ynnesdal	70	115	55	62	101	152	60	110	153
3 Hantveit Austg Botnen	85	118	85	102	116	104	55	167	270
4 Breidvik Hjartholm	46	47	39	43	56	92	69	61	141
5 Eivindvik Nordg Brosvik	111	207	145	185	167	176	174	162	199
6 Brosvik Dingja	111	123	104	84	131	156	122	139	170
7 Leversund Høyvik	71	140	95	62	86	74	65	67	82
8 Sæternes Halsvik	313	538	258	254	241	299	229	329	356
9 Sandøy	251	269	132	88	30	60	71	86	153
10 Byrknesøy Mjømna	0	14	5	14	12	18	4	20	15
11 Hisarøy	39	22	62	21	32	37	11	34	17
Sum Talde dyr	1365	1842	1205	1159	1256	1493	1082	1475	1987

GO FOTEN RUNDT

GJER FOTEN LETTARE ☺



YNSKJER ALLE VELKOMEN TIL EIN FOTTERAPITIME

EG TILBYR:

- God spabehandling av foten
- Klipp/ slip av negler
- Behandling av ned/ inngrodde negler
- Fjerning av hard hud / torner
- Råd om riktig sko / såler
- Parafin bad
- Detox behandling
- Voksing av hår (nyhet)
- Farging og forming av vipper og bryn (nyhet)
- Sal av Arcopedico sko (nyhet)

VI AVTALER TID OG STAD

NÆR DER DU BUR
BESTILL TIME I DAG

RING: **99165619**

froydis.slettevold@enivest.net

5970 BYRKNESØY



*Aut. Fotterapeut
Frøydis Slettevold*

Velkommen til:

FRILUFTSGUDSTENESTE

VED KONGESTATUEN PÅ SKJERJEHAMN

SUNDAG 8. JUNI

KL. 12.30

Desse deltek:

Dalsøyra og Nordbygda skulekorps

Øyklang m.fl.

Jens Linde



Etter gudstenesta vert det høve til å kjøpe mat i kafeen.

Tilkomst:

Ta gjerne båt – gode anløpsfasiliteter
eller fyll opp bilane. (ferje frå Sløvåg kl. 11.40)

Treng du skyss, ring:

Ingolf Wergeland, tlf. 47237727

Anne Mette Andreassen,

tlf. 92281877



Aktivitetsskalender sommaren 2008

- 5. juni** "Kampen mot konfliktane!"
Rollespel
- 23.-24. juni** Tingstadnettverk konferanse
- 23. juni** Jonsok arrangement
- 30. juni - 31. august** Dagleg guiding
sjå annonse
- 6.-7. september** Turborock m/
Barnas Turlag
- 30. august** Vigsle

Under planlegging:

- Foredrag Wergelandsjubileet
- Aktivitetsdag for store og små

**Dagleg guiding på
Tusenårsstaden Gulatinget**
30. juni – 31. august

kl.12 Norsk Kl. 13 Engelsk

Lyst på sommarjobb?

Guidejobben ovanfor er ledig!

Ta kontakt med Anne K. Misje,

tlf 57 78 20 06, dersom du er interessert.



Fiskefestival på Byrknesøy

Laurdag 28. juni – for 20. gong!

Fiskekonkurranse kl. 11.30 – 14.30. Flotte premiar!!

Aktivitetar på kaia til fiskepakkeriet Martin E.

Birknes Eff: Kafè, lotteri, konkurransar, stands,

musikk og underhaldning. Gulen og Solund

sjøredningskorps kjem med Elias.

Utekonserter med musikkskulen, Anne Britt & Elisa,

og Rockeverkstad.

Themless spelar til dans i samfunnshuset kl. 22.00-

02.00, legitimasjonsplikt.

Velkommen til eit sosialt arrangement!

Arr: U.L. Havgula

Pressemelding frå Utkant:

UTKANT 08

-Heilt Konge! Sett av dagene fra 31. juli til 3. august. Da braker det igjen løs på Skjerjehamn med kjente artister, dyktige kunstnere og spennende sanseintrykk.

Festivalen har fått slagordet "Heilt Konge". Kanskje ikke så upassende i og med at festivalen kom til som et arrangement rundt avdukingen av Knut Steens statue av Kong Olav V. Til tross for regn og grått vær ble det solgt over 1000 billetter til festivalhelgen og 2500 tilskuere fikk med seg den høytidelige avdukingen av statuen.



Bilde: Ola Braanaas og resten av styret i UTKANT er godt i gang med planleggingen av årets store arrangement på Skjerjehamn i Gulen.

Kontakt:

Viggo Randal - styreleder, tlf : 97975900,
e-post: vigra@hotmail.com

Linn Dyveke Wilberg- presseansvarlig, tlf:
91713938, e-post: linn@avoco.no

www.utkant.com

(nettsiden vil bli lansert om kort tid)

www.skjerjehamn.no

Program for festivalen offentliggjøres i juni.

Billetsalget starter 15. juni. Billetter fåes kjøpt på Billettservice og butikker i Gulen.

Sal av annonseplass

Minner om at det er høve til å kjøpe annonseplass i den kommunale Infoposten. Her har du ein unik sjanse til å nå alle husstandar på ein enkel og grei måte.

Pris kr. 600 pr. halvside, kr. 1100 pr. side.

(Dette gjeld ikkje lag og organisasjonar)

For annonseplass ta kontakt med ekspedisjonen tlf. 57782000, eller postmottak@gulen.kommune.no

Kystsogevekene er den største kystkulturmønstringa i Noreg. Det geografiske området for Kystsogevekene omfattar 20 kommunar, og strekk seg frå Sveio i sør til Gulen i nord.

**Kystsoge
vekene 2008**
9. august til 14. september

I 2007 fekk folk oppleve kystkultur og yrande folkeliv i mange formar og uttrykksmåtar. Då vart det gjennomført 160 ulike arrangement i dei 20 kommunane.

Aktivitetsplan – Gulen – 2008

Aktivitet	Arrangør	Tidspunkt	Kont.pers	Telefon
Ta sjansen! Konkurransen om beste båt, underholdning og moro på kaia i Eivindvik	Eivindvik	16. august		
Sjømat på kaia	Brandangersund Samfunnshus	24. august	Elin Rasch	el-rasch@online.no
Open Treskofabrikk Omvising Filmframvising	Sellevåg Treskofabrikk	24. august Kl. 12 – 16	Magne Sellevåg	57 78 36 59
Takle vassbruksmiljø Demonstrasjon av stampa som vart brukt til toving av tøy. Maling av korn. Sliping av knivar og ljàar. Servering. Grilling i grua.		24. august	Rune Virkesdal	91 85 99 77
Fjelltur til Midt Takle stølen og Skaret	Barnas Turlag	24. august	Linda Hantveit	47 46 47 76
Sesongavslutning m/ kaffi og enkel servering	Gulen Fiskarbondemuseum	7. september Kl. 14 – 17	Grimen/Gro	97 17 26 52
Dahl – dagen Situasjonsteater. Opning av utstilling i Herresalen. Fiskesuppe på kaia. Vaflar / kaffi	Ungdomslaget i Eivindvik	Sundag 14. september	Maike Norman	95 74 98 01

Stiftinga Kystsogevekene

Stiftinga Kystsogevekene organiserer Kystsogevekene. Stiftinga er ei ikkje næringsdrivande stifting, med føremål å stimulere og virke som pådrivar og fagleg instans for utvikling av kystkulturtilbod og koordinering av årlege kystsogeveker i Hordaland og Gulen.

Kontaktinformasjon:
Stiftinga Kystsogevekene
Agnes Mowinckelsgt. 5
Postboks 7900
5020 Bergen


Tlf 55 23 91 73

E-post: kystsogevekene@post.hfk.no



Utsyn frå Gulen Fiskarbodemuseum, Barvågen, Byrknes.

Foto: Anne Karin Misje



GULEN KOMMUNE

ÅRSMELDING 2007

Godkjent av Gulen kommunestyre i K.sak xx/08, datert 19.06.08

POLITISK ORGANISERING FRAM TIL 11.10.07

Kommunestyre

Kristeleg Folkeparti

Trude Brosvik
Bjarne Tveit
Aage Olav Sandal
Erene Oddrun Wilberg
Erna Kjelby

Høgre

Ivar Eide
Arve Mjømen
Reidar Bøe
Torbjørn Vågheim

Senterpartiet

Hallvard S. Oppedal
Ingvar Breidvik
Øyvind Lid
May Lisbeth Wergeland
Møyfrid Kvamme

Venstre

Rune Østerbø
Dagfinn Midtun
Tor Leif Mongstad

Arbeidspartiet

Arve Jørgen Osland
Henny Aakre Pedersen
Herfinn Takle
Odd Harald Eide

Ordfører

Trude Brosvik (Krf)

Varaordfører

Hallvard S. Oppedal (Sp)

Formannskap

Trude Brosvik Hallvard S. Oppedal Arve Jørgen Osland Ivar Eide Dagfinn Midtun

Hovudutval

Plan og utvikling

Odd Harald Eide, Ap (*leiar*)
Anne M. Andreassen, H (*nestleiar*)
May Lisbeth Wergeland, Sp
Bjarne Tveit, Krf
Rune Østerbø, V

Omsorg

Arve Mjømen, H (*leiar*)
Herfinn Takle, Ap (*nestleiar*)
Marianne Oppedal, Krf
Øyvind Lid, Sp
Inger Kolås, V

Oppvekst

Ingvar Breidvik, Sp (*leiar*)
Henny A. Pedersen, Ap (*nestleiar*)
Torbjørn Vågheim, H
Erene Wilberg, Krf
Tor Leif Mongstad, V

POLITISK ORGANISERING FRÅ 11.10.07

Kommunestyre

Senterpartiet

Øyvind Lid
Helga Irene Ellingsen
Kristin Margrete Byrknes
May Lisbeth Wergeland
Ingvar Arvid Breidvik
Kjartan Oppedal

Kristeleg Folkeparti

Trude Brosvik
Aage Olav Sandal
Erene Oddrun Wilberg
Kirsti Hjellum
Kjell Oddvar Stendal

Høgre

Ivar Eide
Arve Harald Mjømen
Astrid Uthaug
Stein-Inge Larsen

Arbeidspartiet

Anne-Marit Brekken Oppedal
Arve Jørgen Osland
Mona Solbjørg Molland

Venstre

Laila Solbjørg Nyhammer
Dagfinn Midtun
Rune Østerbø

Ordfører

Trude Brosvik (Krf)

Varaordfører

Anne-Marit B. Oppedal (Ap)

Formannskap

Trude Brosvik, Krf Anne-Marit B. Oppedal, Ap Øyvind Lid, Sp Ivar Eide, H Dagfinn Midtun, V

Hovudutval

Plan og utvikling

May Lisbeth Wergeland, Sp (*leiar*)
Erene Oddrun Wilberg, Krf
(*nestleiar*)
Odd Harald Eide, Ap
Stein-Inge Larsen, H
Rune Østerbø, V


Omsorg

Arve Mjømen, H (*leiar*)
Helga Irene Ellingsen, Sp
(*nestleiar*)
Aage Olav Sandal, Krf
Arve Jørgen Osland, Ap
Laila S. Nyhammer, V

Oppvekst

Ingvar Breidvik, Sp (*leiar*)
Astrid Uthaug, H (*nestleiar*)
Kristin M. Byrknes, Sp
Kjell Oddvar Stendal, Krf
Vivian Våge, V

ADMINISTRATIV ORGANISASJONSSTRUKTUR



RÅDMANNEN SINE KOMMENTARAR

2007 vart eit uvanleg hendingsrikt år.

MS Server grunnstøytte ved Fedje 12. februar og resulterte i omfattande oljeutslipp. Oppryddinga i Gulen vart styrt av brannsjefen, tok heile våren og kosta kr 12,9 mill. Utgiftene vart refunderte frå staten, men kapasiteten ved PLT-eininga til andre viktige saker vart sjølvstøtt noko lågare enn planlagt.

Eksplorasjonen på Vest Tank-anlegget i Sløvågen 24. mai førte til langvarige helseplager i næringslivet. I tillegg var saka særskild krevjande å handtere, mellom anna på grunn av uvisse om innhaldet i tankane, og fordi plagene utvikla seg gradvis. Mange ulike aktørar var inne i biletet. Rådmannsavdelinga, kommunelege og ordføraren, som er kommunen sin pressekontakt i slike saker, brukte mykje tid for å få til ei best mogleg handtering av dei stadig nye problemstillingane som dukka opp.

Både Server- og Vest Tank-ulukka førte til mange oppslag i media. Heldigvis vart Gulen også presentert positivt i riksmidia i 2007. Skjerjehamn vann den spennande kampen om Kongestatuken. Avdukinga skjedde under den rikshaldige festivalen "Utkant07" i august, med kunstnaren og fleire tusen andre til stades! Gjenreisninga av gjestgjevarstaden Skjerjehamn er verkeleg "heilt konge", og det er gledeleg å sjå at næringslivet går i bresjen for lokal utvikling.

Opninga av fylkesvegen mellom Sollibotn og Dingja 11. mai var ei viktig brikke i arbeidet for å korte ned avstandane i Gulen. Veggen er resultat av eit vellukka spleiselag mellom fylket, kommunen, bygdene og næringslivet.

Dei siste døma syner at det er mogleg å få til gode utviklingstiltak i Gulen, sjølv med ein kommuneøkonomi under sterkt press. Skipinga av Gulen Næringsforum i slutten av 2007 lover godt med tanke på å få til eit meir slagkraftig utviklingsarbeid, gjerne i eit godt samspel mellom kommunen, næringslivet og bygdene.

På initiativ frå kommunen arrangerte KS 5. juni ein konferanse i Gulen om det nasjonale inntektssystemet for kommunane. Systemet skal endrast frå 2009, og er **særskild viktig for økonomien i kommunar som Gulen (grisgrendt, med lågt folketal)** Som tala i årsmeldinga syner, blinkar dei økonomiske varselampene att. **Gulen kommune har ei stor utfordring framover i høve til å få til ein sunn økonomi, med midlar til m.a. å vedlikehalde vegar og bygg, ha eigenkapital til investeringar og ha rom for ynskjelege nye tiltak.**

Å få tak i arbeidsfolk var ei stor utfordring i 2007. Rekruttering av tilsette og reduksjon av sjukefråvær vart arbeidd systematisk med, og skal prioriterast endå høgare framover. Dei tilsette er den viktigaste ressursen i Gulen kommune. Vi har mange dyktige og innsatsvillige medarbeidarar, som vi må ta vare på!

Gjennom eit leiarutviklingsprogram, prosessar på arbeidsplassane og dialog med tillitsvalde laga vi i 2007 ei "verdiplattform" for tilsette i Gulen kommune, med overskrifta (visjonen) "Samarbeid for utvikling" og slike "kjerneverdier": Imøtekomande, Kvalitetsbevisst og Framtidsretta. Vi skal tilby utviklande arbeidsplassar med positivt omdøme og meningsfullt innhald, og verte ein endå betre kommune for innbyggjarane våre!

Trass mange uventa hendingar kom vi eit stykke vidare i 2007. Fekk samfunnsdelen av kommuneplanen på plass, med politiske mål og utviklingsstrategiar for Gulen framover. Kva kan vi greie å få til i 2008?

Harald Haugejorden
Rådmann i 2007

ØKONOMISK STATUS

Økonomiske hovudtrekk frå drifta dei siste fem åra						
Hovudtal frå driftsrekneskapen (alle tal i kr)	Rekneskap 2007	Rekneskap 2006	Rekneskap 2005	Rekneskap 2004	Rekneskap 2003	Auke 2006-2007
Driftsinntekter						
Inntekts- og formueskatt	41 755 355	41 496 515	36 675 080	34 502 723	33 715 030	0,62 %
Eigedomsskatt	4 041 600	2 454 381	2 422 042	2 422 098	2 349 725	64,67 %
Rammeoverføringar og statstilskot	64 092 859	68 198 616	65 826 364	69 265 668	71 012 831	-6,02 %
Driftsinntekter og refusjonar	62 939 703	41 028 844	41 536 018	35 619 548	31 894 002	53,40 %
<i>Driftsinntekter (eks. interne overføringar)</i>	<i>172 829 517</i>	<i>153 178 356</i>	<i>146 459 504</i>	<i>141 810 037</i>	<i>138 971 588</i>	<i>12,83 %</i>
Driftsutgifter						
Lønsutgifter	116 950 273	104 514 963	103 705 859	102 977 571	101 929 531	11,90 %
Kjøp av varer og tenester	44 913 486	29 778 029	27 640 608	28 234 011	25 226 870	50,83 %
Overføringar, avskrivning og fordelte utgifter	13 239 121	8 782 790	9 365 742	7 572 440	5 323 947	50,74 %
<i>Driftsutgifter (eks. interne overføringar)</i>	<i>175 102 880</i>	<i>143 075 782</i>	<i>140 712 209</i>	<i>138 784 022</i>	<i>132 480 348</i>	<i>22,38 %</i>
Brutto driftsresultat	-2 273 363	10 102 574	5 747 295	3 026 015	6 491 240	-122,50 %
Finansinntekter						
Renteinntekter og utbyte	3 738 707	2 684 671	1 451 570	1 644 832	1 498 644	39,26 %
Mottatte avdrag på utlån	180 711	113 989	126 339	145 469	119 713	58,53 %
<i>Sum rente- og avdragsinntekter</i>	<i>3 919 418</i>	<i>2 798 660</i>	<i>1 577 909</i>	<i>1 790 301</i>	<i>1 618 357</i>	<i>40,05 %</i>
Finansutgifter						
Renteutgifter	3 098 909	1 999 065	1 529 095	1 457 897	3 014 418	55,02 %
Avdrag på lån	2 214 247	2 222 137	2 111 917	1 923 814	3 000 000	-0,36 %
Utlån	224 981	218 914	185 163	239 031	135 705	2,77 %
<i>Sum rente- og avdragsutgifter</i>	<i>5 538 137</i>	<i>4 440 116</i>	<i>3 826 175</i>	<i>3 620 742</i>	<i>6 150 123</i>	<i>24,73 %</i>
<i>Resultat finanspostar</i>	<i>-1 618 719</i>	<i>-1 641 455</i>	<i>-2 248 266</i>	<i>-1 830 441</i>	<i>-4 531 766</i>	<i>-1,39 %</i>
+Motpost avskrivningar	3 530 447	3 338 577	3 225 103	2 993 269	2 748 082	5,75 %
Netto driftsresultat	-361 635	11 799 696	6 724 132	4 188 843	4 707 556	-103,06 %
Korrigeringsfaktorar	0	2 000 000	3 000 000	5 000 000	7 500 000	-100,00 %
Netto driftsresultat	-361 635	9 799 696	3 724 132	-811 157	-2 792 444	-103,69 %
Rekneskapsmessig resultat	0	3 317 493	959 514	253 296	3 536 712	-100,00 %

Utviklingstrekk i driftsrekneskapen

Korrigert netto driftsresultat utgjorde -0,5% av driftsinntektene i 2007 (mot 2,3% på landsbasis). Dette var om lag 1% lågare enn målsettinga i opphavleg budsjett. Ein "sunn" kommuneøkonomi inneber til samanlikning eit netto driftsresultat på minst 3% av brutto driftsinntekter (svarar enkelt sagt til eit resultat rundt 0 i privat sektor).

Driftsinntekter:

Skatt og rammeoverføringar vart om lag som rekna med i 2007, og samla sett kr 4 mill. lågare enn i 2006. Eigedomsskatten auka med om lag kr 1,6 mill. etter ny taksering av "verk og bruk". Driftsinntekter og refusjonar auka med heile kr 21,9 mill. frå 2006. Hovuddelen av denne summen skuldast refusjonar/tilskot og mva.-kompensasjon i samband med opprydding etter oljeutslipp frå MS Server (kr 12,9 mill.) og breibandsinvesteringar (kr 3,6 mill.). I tillegg var det m.a. auke i øyremerkte tilskot til psykiatri og refusjon for ressurskrevjande brukarar.

Samla sett gjekk driftsinntektene opp med omlag 12,8% frå 2006 til 2007. Om Serveraksjonen og breibandsprosjektet vert halde utafør, var auken 2,7%.


Driftsutgifter:

Gjennomsnittleg utgiftsutvikling i kommunal sektor var omlag 5% frå 2006 til 2007. Utanom Server-aksjonen og breibandprosjektet steig Lønsutgifter for Gulen med om lag 6,4% (kr 6,7 mill.), Kjøp av varer og tenester med 14,4% (kr 4,2 mill.), Overføringar med heile 23% (kr 1,5 mill.), medan Avskrivning og Fordelte utgifter var ganske stabile. Svingingane på Overføringar frå år til år kan vere ganske store på grunn av ulikt nivå på øyremerkte satsingar med statleg finansiering, t.d. barnehage, spelemidlar osv.

Samla sett gjekk driftsutgiftene opp med 22,3% frå 2006 til 2007. Om Server-aksjonen vert halde utafør, var auken om lag 12,9%. Det var opphavleg budsjettert med auke i utgiftene på 6,5%. Ein viktig årsak til overskridinga er høgare vekst i lønsutgiftene enn budsjettert, men også kjøp av varer og tenester og overføringar ligg høgare enn budsjetterte summar.

Finanspostane:

Høgare utbyte frå BKK AS var hovudgrunnen til at resultatet av finanspostane i 2007 ikkje vart særskild dårlegare enn 2006, sjølv om rentenivået steig jamt heile året.

Brutto- og netto driftsresultat:

Brutto driftsresultat (-kr 2,27 mill.) seier noko om overskotet etter avskrivningar, men før renter og andre finanspostar er teke med. I netto driftsresultat (-kr 0,36 mill.) er finanspostane med, men avskrivningane er "nulla ut". I staden er avdraga inkludert. Dei siste fire åra har avskrivningane vore høgare enn netto finanspostar, som gjev høgare netto driftsresultat enn brutto driftsresultat.

Korrigert netto driftsresultat:

Korrigert netto driftsresultat (den stipla lina i tabellen) viser korleis dei "vanlege" utgiftene er i høve til dei "vanlege" inntektene, dvs. når pensjonspremieavvik og ekstraordinære midlar frå t.d. BKK (1999) og Staten (2003-2006) ikkje er rekna med. Dette er den viktigaste indikatoren i høve til god langtidsplanlegging.

Etter ei jamn negativ utvikling frå 1997 til 2002, betra netto driftsresultat seg gradvis til kr 9,8 mill. i 2006. Det høge resultatet i 2006 skuldast i stor grad høg skattevekst på landsbasis og eit høgt positivt pensjonspremieavvik. I 2007 vedtok kommunestyret "innsparingspause", og satsa noko meir på utviklingstiltak. Netto driftsresultat gjekk ned til -kr 0,36 mill. Utan vesentlege innsparingstiltak framover vil Gulen kommune raskt hamne i ein tilsvarande situasjon som hausten 2002.

Rekneskapsmessig resultat:

Rekneskapsmessig resultat er det som står att av netto driftsresultat etter fondsavsetningar og andre årsoppgjersdisposisjonar. Driftsrekneskapen for 2007 syner eit rekneskapsmessig resultat på kr 0.

Driftsavvik fordelt på tenesteeiningar

Driftsavvik fordelt på tenesteeiningar							
Tenesteeining	Rekneskap 2007	Revidert budsjett 2007	Avvik i kr	Avvik i %	Rekneskap 2006	Revidert budsjett 2006	Avvik i 2006, %
100 Sentraladministrasjonen	12 362 248	12 528 000	165 752	-1,32	10 354 592	10 872 200	-4,76
200/250 Oppvekst	2 187 788	2 322 700	134 912	-5,81	2 313 717	2 783 000	-16,86
211 Brekke barnehage og skule	6 833 196	6 781 600	-51 596	0,76	6 744 590	6 656 700	1,32
212 Byrknes barnehage og skule	5 318 492	5 517 900	199 408	-3,61	5 218 073	5 453 600	-4,32
213 Dalsøyra skule	6 444 765	6 778 500	333 735	-4,92	6 308 623	6 536 300	-3,48
214 Eivindvik skule	6 651 431	6 714 100	62 669	-0,93	6 294 383	6 334 200	-0,63
273 Dalsøyra/Eidsbotn barnehage	441 180	534 500	93 320	-17,46	311 514	302 400	3,01
274 Eivindvik/Haveland barnehage	277 486	289 800	12 314	-4,25	290 519	127 700	127,50
310 Helse	8 593 705	9 447 700	853 995	-9,04	8 478 118	9 856 000	-13,98
350 Sosial og barnevern	4 935 359	5 168 000	232 641	-4,50	4 892 018	5 197 000	-5,87
371 Gulen sjukeheim	14 318 359	13 122 300	-1 196 059	9,11	13 329 247	12 238 800	8,91
372 Byrknes sone	4 849 910	4 035 200	-814 710	20,19	4 777 975	4 551 700	4,97
373 Dalsøyra sone	2 650 714	2 749 300	98 586	-3,59	2 595 533	2 585 900	0,37
374 Eivindvik sone	10 860 681	9 929 000	-931 681	9,38	9 282 621	9 281 700	0,01
375 Brekke sone	4 407 102	4 217 900	-189 202	4,49	4 119 953	3 999 000	3,02
376 PU-tenesta	6 279 208	5 738 000	-541 208	9,43	5 986 774	5 363 900	11,61
400 Plan, teknisk og landbruk	2 996 031	3 118 000	121 969	-3,91	3 432 835	3 518 300	-2,43
620 Drift og vedlikehald	10 100 431	9 478 000	-622 431	6,57	8 545 205	8 672 400	-1,47
Sum driftsutgifter	110 508 086	108 470 500	-2 037 586	1,88	103 276 290	104 330 800	-1,01

Minusteikn framfor tal i kolonna Avvik i kr tyder at det er snakk om ei overskriding av budsjettet.

Samla overforbruk vart 1,88% av ramma. Sju tenesteeiningar hadde overforbruk i høve til budsjett, og avvika var til dels store. Fire av 3xx-einingane har hatt overskriding kvart år frå 2004, medan berre to har halde seg innafor rammene alle fire åra. Samla sett hadde 3xx-tenestene, som i 2007 brukte heile 55% av totalbudsjettet til kommunen, eit overforbruk på kr 2 487 637.

Investeringsrekneskapen

Dei samla investeringane i anleggsmidlar var på om lag kr 7,5 mill. i 2007, og kr 2,9 mill. av desse vart refundert av andre (Vassforsyning Sollibotn). Resterande investeringar vart finansiert slik: lån kr 0,9 mill., overføring frå drifta (overskot frå 2006) kr 2,0 mill., ubunde investeringsfond kr 1,2 mill. og tilskot kr 0,5 mill.

Utanom Vassforsyning Sollibotn var fast dekke på kommunale vegar eit stort prosjekt, med kr 1,2 mill. inkl. mva. IKT-investeringar var eit anna viktig prosjekt (kr 0,6 mill.).

Andre viktige prosjekt i 2007	
Investeringar i skulebygga, særskilt Byrknes skule	Framføring av kommunal vassforsyning til Sollibotn
Omlagging av vegkryss til Ortneset	Kloakksanering, Byrknes
Nyanlegg, Tusenårsstaden Gulatinget	Bustadfelt: Hovden II og Øvre Stølen III
Kjøp av bil til psykiatritenesta	Kjøp av slåttestyr

Balansen

Balansen er sterkt påverka av vurderinga av storleiken på kommunen sine framtidige pensjonspliktar. I 2007 auka desse med kr 25,3 mill., medan dei utrekna pensjonsmidlane (kommunen sine sparepengar i KLP) berre auka med kr 16,0 mill.

Dette var hovudgrunnen til at eigenkapitalen vart redusert med kr 12,4 mill. Kommunale fondsmidlar vart til saman redusert med kr 2,8 mill.

Pr 31.12.07 hadde kommunen ubundne fondsmidlar på kr 3,9 mill., fordelt på ubunde investeringsfond med kr 2,85 mill. og disposisjonsfond med kr 1,05 mill.

Økonomiske nøkkeltal

Tabellen under viser den finansielle utviklinga i Gulen dei siste åra, samanlikna med andre kommunar.

(alle tal i kr)	Gulen 2003	Gulen 2004	Gulen 2005	Gulen 2006	Gulen 2007	Gruppe 05* 2007	Sogn og Fjordane 2007	Landet 2007
Arbeidskapital i prosent av brutto driftsinntekter	5,7	5	8,7	13,9	10,1	35,4	21,4	25,5
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	123,6	126,6	142,4	135,2	122,8	172,4	191,1	163,9
Netto lånegjeld i kroner pr innbyggjar	24448	23490	24460	24703	24294	34835	44021	22242
Frie inntekter i kroner pr innbyggjar	41073	39005	40714	43587	43307	42262	33234	30160

*Gruppe 05 er kommunar som kan samanliknast med Gulen, dvs. kommuner med få innbyggjarar, stort areal og over gjennomsnittleg nivå på frie inntekter pr. innbyggjar.

Arbeidskapitalen (omløpsmidlar minus kortsiktig gjeld) fortel om likviditeten, dvs. om kommunen har pengar til å betale rekningane sine til rett tid. Kommunen har grei likviditet.

I Langsiktig gjeld inngår både vanleg renteberande gjeld og framtidige pensjonsforpliktingar til tilsette i kommunen. Pensjonsforpliktingane har auka frå kr 105,4 mill. i 2003 til kr 171,5 mill. i 2007. Kommunen styrer ikkje nivået på desse. Renteberande gjeld har utvikla seg frå kr 66,4 mill. i 2003 til kr 66,1 mill. i 2007.

Netto lånegjeld: Den *renteberande* gjelda pr innbyggjar er no på kr 24 294, og har vore ganske stabil dei siste åra.

Kommunar med høge frie inntekter pr innbyggjar vert ofte sett på som rike kommunar. For ein del av desse, t.d. kraftkommunar og nokre kommunar rundt større byar, er nok dette rett. Men Gulen kommune har og relativt høge frie inntekter. Dette er ikkje eit uttrykk for stor rikdom, men heng saman med høge statlege overføringar. Gulen har mange eldre (som er ei ressurskrevjande gruppe for kommunane), har lågt folketal, er stor i areal og er mellom dei ti mest grisgrendte kommunane i heile Noreg, målt utifrå dei tre "spreiddbygdkriteria" i inntektssystemet. Desse faktorane gjer at det kostar meir å gje eit likeverdig tilbod i Gulen enn i dei aller fleste andre kommunar. Dette vert kompensert for i inntektssystemet i form av høgare overføringar pr. innbyggjar. Slik får Gulen kommune høge frie inntekter, utan å ha mykje midlar til fri disposisjon.

KOSTRA-samanlikningar

KOMMUNE-STAT-RApportering har vore i bruk i Gulen kommune frå 2001. Systemet, som ligg på heimesidene til Statistisk Sentralbyrå, gjev eit godt grunnlag for å samanlikne kommunar når det gjeld ressursbruk. Framleis er ikkje kvalitetssikringa god nok, og KOSTRA-tala må difor tolkast med varsemd. Tabellane under gjev ein smakebit på kva databasen inneheld.

	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007
Til saman	2 473	2 473	2 450	2 462	2 459	2 417	2406	2356
0-5 år	199	186	176	187	176	169	160	154
6-15 år	359	362	373	369	383	364	355	333
16-66 år	1 459	1 477	1 473	1 489	1 484	1 470	1482	1455
67-79 år	274	258	251	242	241	238	233	240
80-89 år	146	148	139	139	139	138	133	131
over 90 år	36	42	38	36	36	38	43	43

	Gulen 2002	Gulen 2003	Gulen 2004	Gulen 2005	Gulen 2006	Gulen 2007	Gruppe 05* 2007	Sogn og Fjordane 2007	Landet 2007
Andel 0-5 år	7,2	7,6	7,1	7,0	6,6	6,5	6,4	7,4	7,4
Andel 6-15 år	15,2	15,0	15,6	15,1	14,8	14,1	13,5	14,2	13,1
Andel 16-66 år	60,1	60,4	60,3	60,9	61,6	61,8	62,5	63,5	66,5
Andel 67-79 år	10,2	9,8	9,8	9,8	9,7	10,2	10,8	9,3	8,3
Andel 80 år og over	7,2	7,1	7,1	7,3	7,3	7,4	6,9	5,7	4,6

Kommunale prioriteringar i Gulen samanlikna med andre kommunar (alle tal i kr)	Gulen 2003	Gulen 2004	Gulen 2005	Gulen 2006	Gulen 2007	Gruppe 05 2007	Sogn og Fjordane 2007	Landet 2007
Netto driftsutg. pr innb., adm., styring og fellesutgifter	3 524	3 497	3 319	3 354	4 070	6 108	4 205	3 168
Netto driftsutgifter pr innbyggjar 1-5 år, barnehagar	10 636	8 548	11 705	15 317	13 338	18 577	12 662	13 463
Netto driftsutg. pr innb. 6-15 år, grunnskuleopplæring	76 851	76 300	82 190	85 617	94 405	94 160	83 126	76 194
- Utgifter til skoleskyss, per innbygger 6-15 år	2 848	2 883	3 190	3 282	3 628	3 236	2 005	1 373
Netto driftsutg. pr innbyggjar, kommunehelsetenesta	2 985	2 392	2 164	2 137	1 683	2 277	1 688	1 374
- Netto driftsutg. til diagnose, behandling og rehabilitering pr. innb.	2 314	1 767	1 478	1 444	1 022	1 824	1 249	999
Netto driftsutg. pr. innb. pleie og omsorg	16 978	17 235	17 452	19 300	21 896	16 479	13 722	11 179
Netto driftsutg. pr innb. 67 år og over, pleie og omsorg	100 242	101 875	101 886	113 535	124 604	93 100	92 447	86 732
Netto driftsutg. pr. innb. 80 år og over, pleie og omsorg	238 863	242 171	239 665	263 841	296 471	240 262	244 950	243 695
- Andel innb. under 67 år som får heimetenester	0,7	1,2	1,0	0,7		2,0	1,6	1,5
- Andel innb. 67-79 år som får heimetenester	9,5	13,3	11,3	9,0		9,6	8,7	7,9
- Andel innb. 80-89 år som får heimetenester	37,4	41,0	44,2	43,6		37,9	38,3	34,1
- Andel innb. 90 år og over som får heimetenester	50,0	47,2	60,5	62,8				
- Andel som får både praktisk bistand og heimesj. pleie	49,5	43,1	48,1	53,3				
- Andel innb. 67-79 år som bur på institusjon	3,7	2,9	1,7	2,1				
- Andel innb. 80-89 år som bur på institusjon	10,8	13,7	13,0	12,0				
- Andel innb. 90 år og over som bur på institusjon	36,1	27,8	34,2	30,2				
Netto driftsutgifter pr innb. 20-66 år, sosialtenesta	756	854	950	995	1 092	1 610	1 449	2 425
Netto driftsutg. pr innb. 0-17 år, barneverntenesta	2 529	2 500	3 031	3 776	3 389	3 751	3 444	4 853

Netto driftsutgifter for ymse tenester, målt i % av totale netto driftsutgifter *	Gulen 2003	Gulen 2004	Gulen 2005	Gulen 2006	Gulen 2007	Gruppe 05 2007	Sogn og Fj. 2007	Landet 2007
Administrasjon, styring, fellesutgifter ekskl. funksjonane 170, 180 og 190	8,8	8,9	8,2	8,2	8,7	13,7	11,3	9,6
Barnehage	1,7	1,3	1,8	2,2	1,6	2,2	2,1	2,5
Grunnskuleopplæring	28,9	30,2	30,9	30,7	28,6	28,9	31,9	30,4
Kommunehelseteneste	7,5	6,1	5,4	5,2	3,6	5,1	4,6	4,1
Pleie og omsorg	42,5	43,7	43,2	47	46,7	36,9	37	33,7
Sosialteneste	1	1,2	1,3	1,3	1,3	2,4	2,7	5,4
Barnevern	1,6	1,6	1,9	2,3	1,7	1,9	2,3	3,4
Vatn, avløp, renovasjon/avfall	-0,5	-0,1	-0,5	-0,2	0,2	-0,2	-0,7	-0,8
Fysisk planlegging/kulturminne/natur/nærmiljø	0,4	1	0,6	1	-0,3	0,9	1	1,2
Kultur	0,7	0,7	0,4	0,3	0,8	2,4	3,2	3,8
Kyrkje	1,2	1,3	1,5	1,6	1,6	1,9	1,8	1,4
Samferdsle	1,5	1,8	2,2	2,5	3,0	2,6	3,2	1,8
Bustad	-0,8	-0,7	-0,8	-0,8	-0,7	-0,5	-0,4	0,2
Næring	1	1,1	0,6	0,3	1,2	0,4	-1,3	-0,4
Brann og ulukkesvern	1,4	1,3	1,3	1,4	1,9	1,4	1,5	1,5

*Tala i tabellen er korrigerede i høve til tal i Kostra-databasen for at premieavvik og interne serviceeiningar (funksjonane 170-190) ikkje skal verke inn på fordelinga.

PERSONALSTATUS

Stillingsheimlar

Utvikling i bemanninga	Juni 2003	Nov. 2003	Nov. 2004	31.12.2005	31.12.2006	31.12.2007
Godkjente stillingsheimlar, årsverk	230,42	219,72	210,28	204,25	213,3	217,31

Om lag 6 av dei knapt 13 årsverka som er spart inn sidan juni 2003 skriv seg frå tenesteutsetting til "Eivindvik grøn omsorg". Tala syner ei kraftig nedbemanning fram til 2005, og ei justering opp att dei siste åra. Ein del av denne oppjusteringa skuldast fleire opphaldstimar i barnehagar, øyremerkt satsing på psykiatri, fleire faste sjukevikarar og andre faktorar som gjev delfinansiering utanfrå.

Sjukefråvær

Legemeldt sjukefråvær (%)	1. kv. 2004	2. kv. 2004	3. kv. 2004	4. kv. 2004	1. kv. 2005	2. kv. 2005	3. kv. 2005	4. kv. 2005	1. kv. 2006	2. kv. 2006	3. kv. 2006	4. kv. 2006	1. kv. 2007	2. kv. 2007	3. kv. 2007	4. kv. 2007
Gulen kommune	9,3	8,2	6,8	5,6	7,0	6,6	7,2	6,9	9,2	8,4	8,7	8,9	8,3	6,2	8,2	10,0
S. og Fj., kom.forv.	8,0	7,2	6,0	5,7	6,4	5,9	6,3	6,0	6,9	6,6	6,5	6,6	7,0	6,4	6,7	6,9
Heile landet, kommunal forvaltning	9,3	8,3	6,9	6,9	7,5	7,2	7,3	7,6	8,2	7,7	7,5	7,7	8,1	7,6	7,5	7,8

Det legemeldte sjukefråværet varierte frå 6,2% (2. kvartal) til 10,0% (4. kvartal) i 2007. Frå 1. kvartal 2006 har kommunen hatt høgare fråvær enn snittet både i Sogn og Fjordane og landet. Omsorg ligg særst høgt når det gjeld fråvær, medan Oppvekst ligg lågt, men har auka i 4. kvartal. Arbeidet med å fylgje opp dei sjukemelde er blitt forbetra.

Fleire tiltak er sett i verk i regi av IA-gruppa, men effekten i redusert sjukefråvær har vi enno ikkje fått. I 2008-budsjettet er det avsett midlar for å prøve ut tiltak for å redusere fråværet. Kommunen har mangel på arbeidskraft innan omsorg. Dette syner seg særleg i problema vi har med å fylle helgestillingar og tilkallingsvikarar.

Samarbeid med fagorganisasjonane

Det har gjennom året vore halde 8 møte med tillitsvalde i fagorganisasjonane og 1 møte med verneomboda. I tillegg kjem møte i samband med dei årlege lønsforhandlingane.

Kompetanseutvikling

I 2007 vart leiarutviklingsprogram gjennom HAFS-regionen for alle leiarane innafor skule- og barnehageområdet, avslutta. 2 av rektorane, 1 styrar og 1 ped.leiar heldt fram på første del av masterutdanning i administrasjon og leiing. Fleire lærarar gjennomførte eller starta på vidareutdanning innafor ymse fagområde. Det er i tillegg gjennomført ei rekkje andre kompetansehevingstiltak på skular og barnehagar, i tråd med vedteken kompetanseutviklingsplan for sektoren.

Innføring av IKT-program innafor Omsorg var også kompetansehevande. Rådmannen har halde fire einingsleiarsamlingar, og eit leiarutviklingsprogram i regi av KS vart gjennomført i løpet av året, med tre 2-dagssamlingar for rådmannen si leiargruppe og einingsleiarar. Av omsyn til den økonomiske stoda i kommunen har ekstern kursverksemd elles vore på eit lågt nivå.

Helse, miljø og tryggleik (HMT)

Det har vore 3 møte i arbeidsmiljøutvalet, 5 saker er handsama. Rapportane frå vernerundene syner stort behov for vedlikehalds-/sikringsarbeid. Vernerundane vert i 2008 flytta til våren, slik at resultat frå vernerundane skal kunne nyttast i budsjettprosessen.

Likestilling

Gulen kommune er ein kvinnedominert arbeidsplass, og praktiserer likestilling. Mange deltidstillingar og godt utbygde velferdsordningar gjer kommunen til ein konkurransedyktig arbeidsplass, særskilt for kvinner. Det har vore arbeidd noko med å slå saman dei minste deltidstillingane, som er lite etterspurde.

For å stimulere til fleire kvinnelege næringsetableringar vert kvinner prioriterte når det gjeld tilskot frå næringsfondet. Kommunen har elles ikkje sett i verk særskilde tiltak for å fremje likestilling, men ynskjer fleire mannlege tilsette m.a. i barnehagar og i omsorgssektoren.

13 av 20 toppleiarar i Gulen kommune er kvinner.

SENTRALADMINISTRASJONEN

Sentraladministrasjonen i Gulen består av Rådmannen m/stab, Ekspedisjonsavdelinga, Løns- og personalavd. og Skatt- og rekneskapsavd., til saman 15,9 årsverk.

Viktige arbeidsoppgåver er å førebu og følgje opp politiske saker til kommunestyret, formannskapet, hovudutvala, eigedomsskattetakstnemnda og arbeidsmiljøutvalet. Behandling av sektorovergripande saker, samfunnsutvikling, overordna styring, samordning og utføring av fellestenester for heile kommuneorganisasjonen er likevel dei mest ressurskrevjande arbeidsoppgåvene.

Med eit utal ulike oppgåver og låge administrasjonsutgifter, samanlikna med tilsvarande kommunar (jf KOSTRA-tal), er sentraladministrasjonen sårbar for vakansar. I 2007 var det unormalt mykje vakansar og skifte av folk i nøkkelstillingar, i tillegg til fleire større hendingar som la beslag på administrativ kapasitet (Server- og Vest Tank-ulukkene). Dette førte til at mykje ressursar gjekk med til å løyse daglege utfordringar og "drive brannsløkking". To omfattande utviklingsprosjekt vart likevel gjennomført med godt utbytte:

leiarutviklingsprogram og samfunnsdelen av kommuneplanen. Andre store oppgåver var ny taksering av verk og bruk i samband med eigedomsskatt og gjennomføring av kommunevalet.

Politikk

Utvikling i tal saker		
	Kommunestyret	Formannskapet
2007	140	72
2006	117	92
2005	113	86
2004	119	79
2003	163	85

På grunn av utnemningar til ymse styrer, råd og utval etter kommunevalet vart talet på saker til kommunestyret høgt i 2007.

Revisor (KRYSS) og kontrollutval (SEKOM) fullførte i 2007 forvaltningsrevisjon innafor lønsområdet i Gulen, og starta opp eit prosjekt om gebyr innafor teknisk sektor, etter oppdrag frå kommunestyret.

Gulen ungdomsråd hadde bra aktivitet i 2007, og bidrog mellom anna med utdeling av transporttilskot.

Fellestenester

Krava til informasjons-, arkiv-, økonomi- og personalsystem har auka dei siste åra. Etske retningslinjer for organisasjonen vart vedteke tidleg i 2007. Nytt skatterekneskap SOFIE vart innført på slutten av året. Nye dataløysingar til stadig fleire kommunale brukarar set krav til kvalitetssikrande arbeid, slik at samarbeidet mellom fellestenestene og tenesteeiningane kan fungere mest mogleg effektivt. Dette har også vore viktig i 2007.

God informasjon ut og god service til folk som vender seg til kommunen er og viktig. Til no har ei enkel og rimeleg kommunal heimeside og Infoposten (10 nr i 2007) vore dei viktigaste informasjonskanalane. Kommunen har satsa aktivt på at heile kommunen skal få tilgang til breiband i 2007. Når infrastrukturen er utbygd, ligg det til rette for å satse meir på utvikling av internettbaserte løysingar, inkludert ei betre utbygd heimeside.

Samfunnsutvikling

I 2007 kom samfunnsdelen av kommuneplanen endeleg på plass, med mål og strategiar for samfunnsutviklinga dei neste åra. Prosessen inneheld m.a. 6 folkemøte med særskilte bra frammøte og stort engasjement.

Viktige oppgåver innafor kulturfeltet har vore fordeling av kulturmidlar, Ungdommens Kulturmønstring og ungdomsrådet. Satsinga på Gulatinget saman med fylkeskommunen held fram. Arrangement (Ungdommens Gulating, Gulabross, Fylkestinget), arenautbygging og nettverksarbeid var høgt prioriterte oppgåver.

Gulen folkebibliotek, med tilbod i skulebygdene, hadde stabile driftstilhøve i 2007.

Næringsfondet fekk om lag kr 0,5 mill. i påfyll i 2007. Dei største løyvingane gjekk til vassforsyning til Sollibotn næringsområde, infrastruktur på Tusenårsstaden Gulatinget og ikkje minst breibandsutbygging. Enivest AS fekk kontrakt om breibandsutbygginga, med siktemål full dekning i løpet av 2007. Arbeidet har tatt noko lenger tid enn føresett.

OPPVEKST

Skule

Utvikling i elevtal i dei fire skulekrinsane					
	Brekke	Byrknes	Dalsøyra	Eivindvik	Samla elevtal
2004/2005	103	85	100	95	383
2005/2006	104	71	93	97	365
2006/2007	101	69	92	94	355
2007/2008	92	65	91	80	328
Prognose 2008/2009	91	68	88	83	330

Elevtalet gjekk mykje ned frå 01.10.06 til 01.10.07. Nedgangen var størst i Eivindvik og Brekke. Tilflytting i løpet av dei siste månadane gjorde stoda noko betre ved årsskiftet. Eivindvik skule var då oppe i 86 elevar.

Det er utdanna lærarar i alle faste stillingar, men vi har hatt ufaglærte i 3-4 vikariat i hausthalvåret.

Utviklings- og kompetansehevingsplanane inneverande skuleår har leiarutvikling, elevmedverknad, arbeid med læringsmiljø, arbeid med lokale læreplanar, skulevurdering, digital kompetanse, lesing og programfag til val/entreprenørskap som dei viktigaste satsingane. Alle skulane har i tillegg hatt prosjekt og utviklingsarbeid innan ulike område.

Skulefritidsordning (SFO)

Tal på brukarar av skulefritidsordning					
	Brekke	Byrknes	Dalsøyra	Eivindvik	Samla tal
01.10.04	3	13	9	7	32
01.10.05	3	9	3	6	21
01.10.06	5	13	4	6	28
01.10.07	3	14	1	0	18

Alle skulane tilbyr SFO, men bruken er minimal med unntak av ved Byrknes skule. Samanlikna med andre kommunar, har vi no låg brukarbetaling. Vi veit lite om kvifor SFO vert så lite nytta.

Barnehagar

Born i kommunale barnehagar, fordelt på avdelingane							
	Brekke	Byrknes	Dalsøyra	Eidsbotn	Haveland	Eivindvik	Samla tal
15.12.04	17	12	11	19	10	21	90
15.12.05	18	14	11	18	12	21	94
15.12.06	22	11	14	17	11	22	97
15.12.07	21	8	16	16	10	27	98

Dei private barnehagane, Sande og Lovisendal, har høvesvis 11 og 18 barn. Samla plasstal og tal barn i barnehagane er stabilt. Pr. 15.12.07 var ingen barn på venteliste heilt utan plass, men nokre har ikkje fått tildelt dei dagane dei ynskjer. I løpet av hausten var det ein auke i tal søknader om utviding frå deltids plass til full plass. Dersom denne tendensen helt fram, kan vi få kapasitetsproblem i nokre avdelingar. Dei fleste barnehagane har hatt nokre dagar med ledig plass, men korte periodar med heile plassar ledig.

Vi har utdanna førskulelærarar i alle faste stillingar.

Utviklings- og kompetansehevingsplanane inneverande barnehageår har leiarutvikling, barn sin medverknad, digital kompetanse og ulike fagområde i rammeplanen som dei viktigaste satsingane.

Musikkskulen

Elevar i musikkskulen			
01.10.04	01.10.05	01.10.06	01.10.07
57	56	51	45

Elevane får undervisning i større eller mindre grupper. Undervisninga er spreidd på skulekrintane. Dette fører til små stillingsstorleikar. Tilbodet er avhengig av "eldsjeler", og såleis sårbart. Musikkskulen sel timar til skulekorpsa i tillegg.

Vaksenopplæring

Det vart ikkje sett i gang vanleg grunnskuleopplæring for vaksne i 2006. Vi har gitt spreidde tilbod til vaksne med spesielle behov. Vi hadde tilbod om norskopplæring for framandspråklege på 2 av skulane.

OMSORG

Pleie- og omsorgstenesta kan delast i tre hovudkomponentar: Gulen sjukeheim, fire soner innan open omsorg og drift av bustader for funksjonshemma barn og vaksne (kommunale bustader).

Også 2007 har vore prega av omorganisering og arbeid med å finne tiltak som kan redusere utgiftene til drift av sektoren. I K.sak 33/06 vart Strategiplan for pleie og omsorg vedteken. Her vart det mellom anna vedteke å fjerna nattevaktene ved Brekke eldresenter og Byrknes alderstun. Samstundes vart det vedteke ei namneendring. Alle eldresenter/alderstun vart omdøypde til bu- og omsorgssenter. I budsjettsaka for 2007 vart fjerning av nattevaktene utsett til år 2008.

Gulen kommune har delteke i eit felles nettverk med kommunane Flora, Jølster, Askvoll, Hyllestad, Solund og Fjaler om innkjøp av fagprogrammet CosDoc (pleie- og omsorgsprogram). Fylkesmannen støtta prosjektet økonomisk. Innføringa av programmet vart fullført i løpet av 2007.

Pleie i institusjon

Gulen sjukeheim er inndelt i tre avdelingar for pleie. Styrar Gulen sjukeheim har ansvaret for Langtidsavdelinga med 12 plassar og Dementavdelinga med 8 plassar. Mesteparten av året var det 12 pasientar på langtidsavdelinga. Grunna overbelegg og tung pleie vart det sett inn 64% stilling ekstra på langtidsavdelinga, finansiert over ekstrabudsjettet. Det har vore vanskeleg å få dekt behovet for fagpersonell. Dette har ført til mykje bruk av bakvakter og auka kostnader i form av overtid. Eit viktig satsingsområde framover vert å auke personalet sin kompetanse for å få ei mindre sårbar drift i høve til fråvær.

Avdeling for korttidsopphald og rehabilitering er organisert under sone Eivindvik. Avdelinga skal ha 8 plassar, men har mesteparten av året hatt 10 pasientar. Knytt til avdelinga har prosjekt lindrande behandling vore vidareført i år 2007. Det er knytt ei 20% stilling som ressursjukepleiar i kreftomsorg til prosjektet, som har som hovudoppgåve å kvalitetssikre kreftomsorg og lindrande behandling gjennom undervisning og formidling av erverva kompetanse i kommunen, i tillegg til å gje råd og rettleiing for pasientar, pårørande og helsepersonell og samarbeide med andre aktuelle aktørar for å innhente kunnskap tverrfaglig.

I 2007 har det vore arbeidd aktivt med å lage ein felles arbeidsreiskap med rutinar og retningslinjer i forhold til pasientar og pårørande i alle aldrar, innan kreft og lindrande behandling. Permen som er utarbeidd; "Kreftomsorg og Lindrande behandling" skal saman med bl.a. "Lindring i Nord" og "Standard for palliasjon" legge grunnlaget for å kunne gje ei så optimal behandling og omsorg som mogleg i vår kommune. Permen har fått svært gode skussmål frå m.a. nettverket for ressursjukepleiarar i Sogn og Fjordane. Fleire kommunar nyttar "Gulen-permen" som mal for sitt palliative arbeid. Prosjektet har gitt rom for å utarbeide rutinar for heilskapleg palliativt arbeid, og har gitt Gulen kommune god kompetanse innan fagfeltet. Det vert arbeidd aktivt for å få vidareført prosjektet slik at tilbodet i kommunen kan utviklast vidare. Det vil bli søkt om prosjektmidlar også i 2008.

Open omsorg

Dei fire sonene har omtrent like store område og befolkningsgrupper, og klienttalet er også mykje likt. Personalmengda varierer frå i underkant av 10 stillingar i Ytre Gulen til 5,3 stillingar i Dalsøyra region. Grunna nedbygging av sjukeheimen, og at pasientar vert tidlegare utskrivne frå sjukehus, med fleire oppgåver overført til kommunehelsetenesta, er det trong for auka kompetanse på personalet vårt. Ei stor utfordring for sonene våre er å skaffe nok kvalifisert personale.

Kommunale bustader

Ein del av omsorgstenesta er knytt opp til bustader for psykisk utviklingshemma. Kommunen kjøper tenester på dagtid til ein brukar. Fire vaksne brukarar får tenester i eigen heim av eige personale. Eit husvære vert nytta til avlasting. Resten av brukarane i denne gruppa får tenester av personale tilsett i dei heimebaserte tenestene i Eivindvik sone.

2007 var eit vanskeleg år personalmessig, med mange permisjonar og vakansar gjennom året, og til dels store vanskar med å finne vikarar. Tenesta har ikkje fått nye brukarar i løpet av året. Utfordringar framover vert å planlegge bu- og aktivitetstilbod til både nye og gamle brukarar i denne gruppa.

Helsetenestene

Eining for helse omfattar helsestasjon/skulehelseteneste med 1,2 stilling helsesøster. Mellom 40 og 15% stilling som helsesøster har vore vakant hausten 2007. Jordmortenesta har vore vakant i 2007.

Gulen kommune har ei legeteneste med tre fastlegar som har driftsavtale med kommunen. Legane har og faste kommunale stillingar for å utføra offentlege legeoppgåver. I tillegg har dei legevakt i kommunen. Kommunen kjøper legevaktsentralteneste frå Helse Førde.

Ergoterapitenesta vår består av to ergoterapeutar i 50% stilling kvar. 30% stilling har stått vakant grunna permisjon.

Gulen kommune har heimel for 1,7 stillingar fysioterapeut. 0,7 av desse stillingane er driftstilskot til privatpraktiserande fysioterapeut, medan 1 stilling er fast lønsstilling. Den eine stillinga har vore vakant i 2007. Dette har ført til redusert tilbod innan habilitering av barn/unge under 18 år.

Psykiatritenesta omfattar 2,65 stillingar. I tillegg vert delar av utgiftene til "pallefabrikken" og 40% stilling helsesystemer finansiert med psykiatrimidlar. Tenesta har og støttekontaktar og arbeidstiltak for nokre personar. Mål for drifta er å vera eit lavterskeltilbod i forhold til psykisk helse. Innbyggjarane kan ta direkte kontakt og spørja om hjelp/informasjon, og det gjer dei.

Sosial- og barnevernstenesta

Tenesta har 2,45 stillingar delt på tre personar, to barnevernspedagogar og ein sosionom. I 2007 mottok barnevernet 11 nye meldingar. Alle meldingane førte til tiltak. I tillegg har kommunen tilsynsansvar for 4 barn i fosterheimar i Bergen. Det har vore førebudd ei sak for tingretten og ei for lagmannsretten.

46 personar/husstandar fekk økonomisk sosialhjelp. Fire personar har hatt hjelp heile året.

Råd og rettleiing er ein del av sosialtenesta sitt arbeid. Det vert ikkje ført statistikk over saker der råd og rettleiing er einaste hjelpa.

Sosialkontoret har ansvaret for saker vedkomande transporttenesta for funksjonshemma - kalla «Dør til Dør»-transport. Ordninga betyr mykje for brukarane.

Sosialkontoret administrerer Husbanken si bustønadsordning, som har søknadsfrist 3 gonger pr. år.

PLAN, LANDBRUK OG TEKNISK

Planlegging

I 2007 vart det vedteke 6 reguleringsplanar, fremja som private framlegg. I løpet av året vart det teke opp 3 nye reguleringsplanar til handsaming (vedtak om planoppstart), og 5 planar vart lagt ut til offentleg ettersyn. Det vart gjort vedtak om oppstart av arbeid med kommuneplanen.

Byggjesaker

Byggjeløyve for bustader, hytter og andre bygg							
	2007	2006	2005	2004	2003	2002	2001
Bustader	5*	5	9	9	9	10	8
Hytter	45**	41	22	37	17	20	28
Andre bygg	6	9	15	15	15	14	26

* Av desse: 1 i regulerte felt ** Av desse: 40 i regulerte felt

Gulen har dei siste åra vore av dei mest populære hyttebyggingskommunane på vestlandet, medan talet på godkjende nye bustader har gått tilbake.

Kart og oppmåling

Kart- og oppmålingsarbeid			
	Journalførte rekvisisjonar	Ferdighandsama saker	Utsende fakturaer
2007	84	74	49
2006	93	93	90
2005	75	124	91
2004	64	38	49
2003	92	63	85
2002	55	45	58
2001	57	57	60

Det vart avslutta 74 saker i 2007. Tilgangen på nye saker har gått noko ned. Det er no lite eldre saker som ikkje er gjort ferdige. Ventetida er nede i ca. 6 mnd., men må ytterlegare ned. Ved overgang til ny matrikkellov, som erstattar delingslova, er det krav om sakshandsamingstid på 3 mnd., og heilt ned i 4 veker på nokre typar delingssaker.

Avdelinga har hatt eige GPS måleutstyr i heile 2007, som har gjort oppmålingsarbeidet enklare og mindre tidkrevjande. Ein er heller ikkje avhengig av målehjelp lenger.

Landbruk

	Produksjonstilskot i landbruket		Avløyning ferie og fritid		Regionale miljømidlar		Refusjon sjukeavløyning	
	Tal søkjarar	Utbetalt (mill.kr)	Tal søkjarar	Utbetalt (mill.kr)	Tal søkjarar	Utbetalt (mill.kr)	Tal søkjarar	Utbetalt (mill.kr)
2007	119	15,59	97	0,64	105	3,03	10	0,30
2006	125	14,98	97	0,68	111	3,28	9	0,18
2005	126	15,71	110	0,60	114	3,00	8	0,12
2004	133	17,06			131	3,10	15	0,21
2003	135	17,15			144	3,43	20	0,27

Generell spreiefrist for husdyrgjødsel vart endra til 20. september. Kommunen behandla 14 søknader om dispensasjon etter dette sprietidspunktet.

Jordbruket er ei stor næring i kommunen, sjølv om det har vore nedgang i talet på aktive brukarar dei siste åra. Trenden er nedgang i tal brukarar, men større bruk.

I 2007 vart det gjeve tilbod om BU-midlar til 2 søknader frå Gulen, begge til utvikling av tradisjonelt landbruk.

Gulen fekk tildelt i alt kr 318 000,- til søknader etter Forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL-midlar) og Forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK-midlar). Midlane blei fordelt på 9 søkjarar.

Gulen har i 2007 auka aktiviteten innan skogbruket. Kommunen har inngått avtale om kjøp av skogfagleg kompetanse, og det er sett i gang eit prosjekt om skogbruksplanlegging som mange skogeigarar har ønskt å ta del i.

Søknader om frådelling etter jordlova har i 2007 vore handsama i same saksutgreiing som for plan- og bygningslova. Rapportering skjer i KOSTRA.

Viltforvaltning

Hjortejakta i Gulen kommune						
År	2007	2005	2000	1995	1990	1985
Kvote	516	520	503	313	267	277
Felte dyr	stk.	466	433	414	252	154
	%	90	83	82,3	80,5	57,7
						65,3

I 2007 hadde kommunen 3 storvald og 46 ordinære vald. Storvalda fekk tildeling etter godkjende bestandsplanar over 3 år, dei andre fekk retta avskyting.

Under vårteljinga vart det sett 1475 dyr, ein oppgang på 393 dyr frå året før.

Kommunen arrangerte jegerprøveeksamen for 7 personar, og fekk inn 21 meldingar om fallvilt, av desse 10 påkøyrde dyr. Dei fleste vart ettersøkt med hundeeekvipasje.

Viltfondet fekk inntekter frå fellingsavgiftene på kr 141 230, som vart nytta til å betale kommunale oppdrag, tilskot til søkjarar og faste oppdrag som er inngått med kommunen.

Fiskefondet vart ikkje nytta i 2007.

Brann- og feiarvesen

Brannvernet i Gulen er organisert med ny hovudbrannstasjon i Eivindvik med 16 mannskap, og depotstasjonar i Brekke, på Dalsøyra og på Byrknes med 10 mannskap kvar. Betre tilhøve for radiosamband og utskifting/supplering av sambandsutstyr har vore prioritert i 2007, og må vidareførast.

Brannførebyggande arbeid skjer gjennom NGIB (Nordhordland og Gulen interkommunale brannførebyggande avdeling). I dei 5 åra dette samarbeidet har vart er et avdekka behov for betre brannteknisk dokumentasjon for dei kommunale bygga. Dette arbeidet er ikkje kome i hamn i 2007 og må arbeidast vidare med i 2008.

Gulen var i heile 2007 med i felles feieteneste for kommunane Modalen, Masfjorden, Solund og Gulen. Feiar var fram til 1. april tilsett i Gulen kommune, og siste del av året i Masfjorden kommune.

To store ulukker kravde mykje ressursar i 2007; MS Server-grunnstøytinga ved Fedje 12. februar, som gav omfattande oljeutslepp i Gulen, og eksplosjonen på Vest Tank-anlegget i Sløvåg 24. mai, der det måtte tilkallast hjelp frå Bergen brannvesen.

Kommunale vassverk

Eivindvik vassverk: Forbruket av vatn ligg stabilt. Det var ikkje gjort lekkasjesøking i 2007. Forsyningskapasiteten er grei. Vassprøvene syner stabil og god vasskvalitet, og er innafor grenseverdiane.

Mattilsynet gjennomførte tilsyn i mars 06. Avvik som skulle rettast opp i 2007 er ikkje retta, gjeld krav til driftsoperatør. Får ny frist for oppretting i 2008.

Sollibotn hyttegrend vart tilknytt vassverket i 2007.

Hovden Høgdebasseng: Leveransen frå Masfjorden kommune har vore relativt stabil på noko over 100 m³/dg, medan behov for vatn til industrien i Sløvåg har vore stigande og ujamnt. Alle vassprøver har vore innafor grenseverdiane. Overvakingssystemet er noko sårbart i lyn og torevær. Kommunen har hatt dialog med næringsaktørar og utført utgreiingsarbeid med sikte på stabil vassforsyning til husstandane i området og auka forsyningskapasitet til næringsaktørane i Sløvågområdet.

Avlaup

Kloakkanlegga har fungert godt, etter at Nesevågen pumpestasjon vart ordna.

I pumpestasjonen ved Eivindvik båthamn er begge pumpene i drift.

Renovasjon

Oppgåvene knytt til denne tenesta er overtatt av NGIR, med unnatak for fakturering og kontroll av kompostbingar.

DRIFT OG VEDLIKEHALD

Alle kommunale bygg og anlegg vart formelt samla under tenesteeininga Drift og vedlikehald frå 01.01.2004. Vaktmeistrane og reinhaldarane, med unnatak for reinhaldarane på Gulen sjukeheim og eldresentra, er plasserte innafor eininga. Til saman 13,8 årsverk.

Bygg – drift og investeringar

Større vedlikehaldsoppgåver i året har vore: Oppussing av Gulen tannklinikk, nytt rom for pårørende på rehabiliteringsavdelinga på Gulen sjukeheim (GS), oppussing av kontor på GS og administrasjonsbygg, ymse arbeid ved Byrknes skule, målingsarbeid på "Herresalen", Brekke bu- og omsorgssenter og kyrkjene i Gulen og utskifting av PCB-haldige kondensatorar i lysarmatur på ymse kommunale bygg.

Større bygningstiltak under planlegging: Barnehagar Byrknes og Eivindvik, bufellesskap for brukarar med særskilte behov, ymse vedlikehaldsprosjekt ved skulane.

Vegar og uteanlegg

2007 var andre året på rad at det vart brukt ekstra ressursar på asfaltering; 1 050 tonn gav 3,6 km veg med reasfaltering i Brekke, Dalsøyra, Eivindvik og Kjølby, (Rutledal-Sygnefest vert utført i 2008). Kommunestyret løyvde og kr 1,5 million til fast dekke på Haveland, Nyborg, Stølsåsen, Hovden, Mjømna og 2 byggefelt på Byrknes, totalt 3,1 km veg, samt utbetring av 500 m av veg mot Norddal og sving i Brosvika. Dei sist nemnde oppgåvene vert utført i 2008.

Utbetring av vegkrysset til Ortneset i Brekke og eit trafikkfarleg kryss på Indre Oppedal vart gjennomførte i 2007. I samband med nyopning av Skjerjehamn med kongestature og festivalen "Utkant 07" utbetra kommunen vegen dit.

Dei siste åra har mykje av kommunen sitt slåttestyr vore fornya. I tillegg til slått rundt kyrkjene, gravplassane og kommunale bygg, hadde kommunen i 2007 oppdraget med slått på Tusenårsstaden Gulatinget.



"Ungdommens Gulating 2007" på Tusenårsstaden Gulatinget